

# Plan for overgangen frå barnehage til skule.



Bygland kommune



### Lovheimel:

- **Barnehagelova §2a:** *Plikt til å samarbeide med skulen om overgangen frå barnehagen til skulen.*
- **Opplæringslova §13-5:** *Plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skulen.*
- **Barnekonvensjonen artikkel 3:** *Omsynet til barnets beste.*
- **Barnekonvensjonen artikkel 12:** *Barnets rett til medverknad.*

### Innleiing:

Både barnehage og skule er arenaer for leik og læring og har til felles at dei skal arbeide for likeverd og kvalitet i omsorg og opplæring. Samtidig har barnehagen og skulen delvis ulike mandat og ulik læringskultur. Ein god samanheng mellom barnehage og skule er å legge til rette for eit utdanningsløp, som ivaretek det einskilde barnet. Det handlar både om at barnas utvikling- og læringspotensial blir ivaretatt, at dei får støtte på eit tidleg tidspunkt, og at barna opplever samanheng og meistring ved at dei kan bygge vidare på kunnskapar og erfaringar frå barnehagen inn i skule og SFO. Barn og føresette skal føle seg trygge på at både barnehage og skule gjer sitt beste for å skape kontinuitet og samanheng.

Overgangen frå barnehage til skule er ein samanhengande prosess frå siste året i barnehagen til første året på skule. Barns medverknad og deltaking i dette arbeidet er særskild viktig. For å oppnå ein meningsfull samanheng mellom barnehage og skule er det også behov for at einingane har god kunnskap om kvarandre. Barnehagane og skulane må ha tett samarbeid og dialog om overgangen, og kva dei forventar av kvarandre. Barnehagane er dei som kjenner barna (dei som har gått i barnehage). Det vil difor vere nyttig for skulane å ha dialog med barnehagane både i for- og etterkant av overgangen.

Planen er utarbeida i samarbeid med representantar frå skule og barnehage. Sentralt i planen er årshjulet som skildrar aktivitetane i overgangen mellom barnehage og skule. Aktivitetane er tiltak som i særleg grad bidrar til ein god skulestart og eit godt fyrste skuleår.

Planen er ein del av arbeidet med eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø.



# Årshjul for aktivitetar

Førskulebarna				
Når	Aktivitet	Formål	Kvar	Ansvar
August	Samtale med førskulegruppa om kva for forventningar dei har.	Sikre medverknad og barns rett til å bli høyrd.	I kvar barnehage.	Ped.leiar
September	Foreldremøte	Sikre medverknad. Skape grunnlag for eit godt samarbeid.	I kvar barnehage.	Tenesteleiar/ assisterande tenesteleiar og ped.leiar
	1.klasse besøker førskulebarna i barnehagen.	Bygge forventning og hjelpe barnet til å glede seg til skulen. Skape tryggleik.	I kvar barnehage.	Kontaktlærer 1 klasse og ped.leiar.
Jan.- juni	Bli kjent på skulen, symjebasseng (kun Bygland) SFO, hall, på tur leikeplass o.l Felles aktivitetar med 1.og 2.klasse.	Skape tryggleik og forventning.	På skulen, og skulen sitt nærområde.	Ped.leiar og kontaktlærer i 1. klasse.
	Øve på ferdigheiter som er nyttige på skulen.	Bli best mogleg førebudd for skulen.	I kvar barnehagen.	Ped.leiar.
Mai	Førskuledag og skuleinnskriving.	Skape tryggleik, motivasjon og forventning hos barn og føresette.	På kvar skule.	Tenesteleiar.
Mai-juni	Felles tur for dei to førskule-gruppene	Skape ein felles kultur. Samhald.	Mineralparken	Ped.leiar i begge barnehagane
	Tur med skulen	Skape samhald og tryggleik.	Skulen finn turplass	Ped.leiar og kontaktlærarar
	Overføringsmøte mellom ped.leiar og kontaktlærer i 1.klasse.	Lære av kvarandre. Sikre god overgang gjennom kunnskaps- og erfaringsdeling. Sikre samanheng i språkutviklingsarbeidet.		Ped.leiar og kontaktlærer i 1.klasse + spes.ped.koordinator, PPT, leiar på SFO, assisterande tenesteleiar/tenesteleiar



1.klasse				
Når	Aktivitet	Formål	Kvar	Ansvar
August	Foreldremøte. Drøfte forventningar.  Få i gong foreldreorganiserte aktivitetar på fritida?	Trygge foreldra i høve overgangen.	På kvar skule	Tenesteleiar + kontaktlærer i 1.klasse
August September	Bruke overgangskoffert?	Samanheng og tryggleik ved å sjå att bøker og leiker frå barnehagen	På kvar skule	Ped.leiar og kontaktlærer i 1.klasse
September	Besøke førskulebarna i barnehagen	Tryggleik og mjuk overgang. Kontinuitet og samanheng	I kvar barnehage	Ped.leiar og kontaktlærer i 1.klasse
Jan.-juni	Aktivitetar saman med førskulegruppa.	Bli kjend med førskulebarna.		Ped.leiar og kontaktlærer i 1. klasse
Mars	Utviklingssamtale. Evaluering av 1.klasse året med føresette og elevar. Kva har vore bra, kva kan ein gjere betre/annleis?	Sikre barn og føresette sin rett til å bli høyrd. Kvalitetsutvikling gjennom evaluering og refleksjon.	På kvar skule	Kontaktlærer i 1.klasse
Mai	Overføringsmøte+ erfaringsdeling	Same som førskule		Same som førskule
Før haustferien	Oppfølgingsmøte	Sikre god overgang gjennom kunnskaps- og erfaringsdeling.		Ped.leiar og kontaktlærer i 1.klasse